



friidrett

Årsmøte Hareid I.L. Friidrett 2025

10. februar 2026 kl.20.00, klubbhuset (festsalen)

Sakliste:

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2. Val av ordstyrar, referent og to personar til å skrive under protokoll

Sak 3. Årsmeldingar -styrearbeidet

-mellom-, og eldstegruppa

-yngstegruppa

Sak 4. Godkjenning av rekneskap

Sak 5. Budsjett

Sak 5. Val av nytt friidrettsstyre

Sak 6. Val av valnemd

Sak 7. Evt. innkomne saker -styret

Hege Holstad, leiar



Årsmelding frå styret i Hareid IL friidrett

Det nye styret hadde sitt første møte i mars, og har i perioden mars-desember hatt **11 styremøter** (i tillegg til ein del aktivitet på messenger og mail)

Styret har bestått av Kristin Dimmen (styremedlem), Ingvild Grimstad Selvåg (styremedlem), Peder Alme (styremedlem) Sindre Grønmyr Rise (styremedlem/oppmann), Odd Erling Eriksen (nestleiar/kasserar), Hege Holstad (leiar). Det har vore eit aktivt styre der alle tek i eit tak.

Det er først og fremst Hadarleikane som er vårt store **arrangement**. Dette brukte vi litt tid på på vårparten. Mellom anna arrangerte vi dugnad på stadion i forkant av stemnet. På vårparten laga vi til kveldsmat for eldstegruppa på klubbhuset. I mars sendte vi to representantar til møtet på Kretstinget. I april hadde vi møte med trenarane for eldstegruppa der vi mellom anna diskuterte konkurranseplanen for sesongen. I stadenfor å halde foreldremøte i forkant av sesongen vart det sendt ut eit informasjonsskriv til alle deltakarane om komande sesong. I oktober stod Snipsøyrvatnet rundt for tur, og Vinterkarusellen Grimstadvatnet rundt den første laurdagen i månadane november, desember, januar og februar. Mini- karusellen der dei yngste også får delta har vore eit kjekt og viktig supplement til vinterkarusellen. I november arrangerte styret internstemne i samarbeid med trenarane, med årsfest i festsalen på Klubbhuset som avslutning.

Økonomitiltak: Styret har arrangert pizzalotteri, flaskepantaksjon (vårparten), og eit loddsal (hausten) der vi henta inn større gevinstar. I tillegg auka vi kontingenten noko, då vi såg at vi låg ein god del under enkelte av dei andre gruppene. Vi har ein jobb å gjere i høve sponsorinntekter då vi har store utgifter i høve satsing på dei eldste utøvarane. Vi søkte om Hjartebankmidlar til tidtakingutstyr i haust, og fekk innvilga dette.

Alle saker kan ikkje vere med i ei årsmelding, men vi kan også nemne at vi grunna omorganisering i HIL i høve SoMe/FB, har brukt litt tid på å bygge opp ei eiga god side på Facebook. Vi må også etterkvart gjere oss betre nytte av dei nye heimesidene til Hareid IL.

Løpebana har vore eit jamnleg diskusjonstema gjennom året,- då skader på løpebana gjer at deler av den må rehabiliterast. Den har også behov for rens. Kommunen, HIL og friidrettskretsen er merksame på dette og involverte i saka. Det er veldig viktig for friidrettsatsinga på Hareid (og i eit folkehelsperspektiv) at denne blir rehabilitert og vedlikeholdt! Å utvide garasja/speakerbua på stadion er eit behov og eit mål på sikt. Vedlikehald av kastburet har også blitt diskutert.

Ei anna viktig sak som kan nemnast er trenarkabalen. Vi har alltid behov for fleire trenarar,- då kan vi gi tilbod til fleire unge og fylje tettare opp på trening. Styret er takksame for dei gode og engasjerte trenarane vi har, og som gjer ein kjempeviktig jobb i kvardagen til barn og ungdomar! Vi er stolte over den fine friidrettsgruppa vi har. Ekstra kjekt er det at mange av utøvarane har særst gode prestasjonar å vise til. Gruppa er blitt lagt merke til, og fekk også Ungdommens kulturpris på Hareid denne hausten.

For styret

Hege Holstad, leiar

Årsmelding for friidretten i Hareid 2025

Sindre Grønmyr Rise

I år kom Hege Holstad inn som leiar for styret, etter at Odd Erling Eriksen midlertidig tok på seg ansvaret for eit år. Inn i styret kom Peder Alme som fast medlem, med Siv Renate Larsen-Kvalsund som varamedlem. Anna Klara Måseide gjekk ut av styret. Vi takkar henne for innsatsen. Elles er styret uforandra. For sesongen 2024, var styret samansett på følgjande måte:

Leiar: Hege Holstad.

Styremedlem: Ingvild Grimstad Selvåg.

Styremedlem: Kristin Dimmen.

Styremedlem: Peder Alme

Styremedlem: Malin Flø Husøy.

Styremedlem og lagleiar: Sindre Grønmyr Rise

Varamedlem: Siv Renate Larsen-Kvalsund.

Gjennom sesongen har vi også hatt eit stort og godt trenarapparat, som har vore supplert frå førre sesong med Christina Kaldhol og Henriette Holstad Banne i mellomgruppa, og Ylva Moe Larsen i yngste gruppa. Medan Odd Erling Eriksen, Tor Egil Rise, Torstein Nytun, Ingrid Holstad Notøy, Siv Anett Flø og Sara Lande Rise gav seg i løpet av sesongen. Men vi har hatt god hjelp av tre jenter og ein gut frå eldstegruppa som trenarar, Borghild Oline Holstad, Synne Selvåg Larsen, Anna Maria Kostaris og Peter Pilskog Bitocchi.

Trenarapparatet består av følgjande folk:

Eldstegruppa: Arill Larsen, Daniel Slettebakk, Elisabet Grimstad Kirkebø, Roy Kenneth Husøy og Thomas Dalsøren

Mellomgruppa: Christina Kaldhol og Henriette Holstad Banne.

Yngstegruppa: Tobias Glockel, Inger Smidesang Holstad og Ylva Larsen.

Kretsdommarane som er aktive i klubben er Odd Erling Eriksen, Daniel Slettebakk, Olav Sindre Rise og Sindre Grønmyr Rise. Medan Kristin Dimmen har starta på utdanninga.

Utstyrs- og anleggssituasjonen er dessverre dominert av dei store skadane på tartandekket som vart oppdaga nokre veker før Hadarleikane. Utøvarar og trenarar har sett mindre kular i løpebanene tidlegare, men i år var skadane nådd eit så stort omfang at vi ikkje kan løpe distansar over 100-meter sidan siste svingen er uforsvarleg til konkurranse. I tillegg har ein sluk i bane 1 på siste langside også gjort denne bana uforsvarleg. Sidan den gong har det vore gjort forskjellige forsøk på å søke om middel til reparasjon, men det har ikkje lukkast oss då regelverket for anlegg røyst av tippemiddel er komplisert og kommuna sin økonomi er anstrengt i overskueleg framtid.

Sportslege aktivitetar

Sesongstart

Sesongen tjuvstarta, som så ofte elles, med Sparebanken Møre-leikane i Ulsteinhallen i slutten av november. Her vart det mange persar, mellom andre Dominik Gjerde sette pers med nesten eit sekund på 60m med tida 8.18 og sprang inn til ei fin tid på 200m. Ragna Dimmen Alvestad persa med ein meter i kule, og kom på 2.plass med 8.75m med 2 kgs. Tiril Grimstad Kirkebø

sette pers i kule med 8.25m med 3kg kule. Hedda Selvåg Larsen slo til med pers i fire øvingar. Ho hoppa 4.83 m i lengde som gir 1027 poeng på tyrving. Vidare sprang ho inn til ein 2.plass på 200m med tida 27.63, som gjev heile 1072 poeng. Ho persa også på kule og 60m.

Etter nyttår fortsette sesongstarten med KM innandørs i Ulsteinhallen 11.-12. januar. Etter ein vinter med trening var våre deltakarane klare for eit nytt år, med nye konkurransar, nye reiser og nye vennskap både innanfor klubben og med utøvarar frå andre klubbar. Våre utøvarar presterte følgjande : Hugo Greve Kristiansen: Ny pers i kule med 10.78m, Malin Flø Husøy: ny pers med 3kg kule 10.08m. Sofie Flø Husøy: Ny pers i lengde med 4.21m, 60m med tida 9.40, 2 kg kule med 7,16m, Shanel Ange Koffi: Ny pers i lengde med 4.30m, stille lengde med 2.38 m, 2 kg kule 6,50m, 60m med 9,11. Hedda Selvåg Larsen: Tangering av pers i lengde med 4.83m, Peter Pilskog Bitocchi: Ny pers i stille lengde med 2,83m, Ingrid H. Dalsøren: Ny pers på 600m med tida 2.03.44, kule med 5,78m, Julia Afanasieva Røyset: Ny pers på 600m med tida 1.59.58, Nina Janiak: Ny pers på 60m 9.50, lengde 3.81m, 200m med tida 33,96 , stille lengde med 1,90m, Anna Maria Kostaris: Ny pers i kule 4kg 8,29m, Ragna D. Alvestad: Ny pers med 3 kg kule 6,85m, Max D. Alvestad: Ny pers med 5 kg kule 7,05m, Dominik Gjerde: Ny pers på 60m med 8.17, 200m med 26,53, Gudmund Gryt Grimstad: Ny pers på 800m med tida 2.55.19. Spesielt god innsats frå dei minste utøvarane våre denne helga Mila, Maria, Erling, Robin, Theodor, Oscar, Olai, Aksel.



Framme f.v. Sofie Flø Husøy, Hedda Selvåg Larsen og Maria Holstad-Dalsøren, med Sander Selvåg Larsen bak.

I starten av februar runda vi også av vinterkarusellen rundt Grimstadvatnet. Den byrja allereie i november året før med Thomas Fiskerstrand og Sigrid Vedde Kroken som vinnarar av omsynsvis herre- og kvinneklassa i første løp og med Knut Vikebakk og Birgitte Kvalsvik som vinnar av andre. Kvalsvik vann også tredje løp, denne gong med Olger Pedersen som vinnar av herreklassa. I fjerde løpet vann amerikanaren Bjørn Sæter Vasstvedt, medan Kvalsvik igjen vann kvinneklassa. Samanlagd vann Ørjan Røyset seniorklassa for herrar, med Susanne Avseth vann den for kvinner. Løpsvinnarane kjem vanlegvis frå dei litt eldre klassene enn senior tradisjonen tru.

I år tok Dimna også på seg å arrangere UM innandørs i Ulsteinhallen. Noko som er bra for gruppa vår si lommebok. Ein god gjeng frå Hareid må derfor trå til å hjelpe med arrangementet gjennom heile helga. Hareid stilte med 3 utøvarar denne helga: Even Korsnes sprang inn til ein 11. plass på 800m med tida 2.14.79. Erle Grimstad Kirkebø sprang inn til 3. plass i sitt heat og 7.plass totalt på 200m, med tida 28.21 som er ny innandørs pers. Anna Maria Pilskog Bitocchi kom på pallen på 200m. Ho fekk 3.plass med tida 26.96. På 60m fekk ho 5.plass med tida 8.26.

Tidleg i februar fekk også overraskande eit tilskot på 10 000 kroner frå OBOS. Det var søskena Gudmund, Alva og Gulliver Gryt som hadde gått julebukk i romjula og på tips frå mor Julianne hadde dei vorte uttrekt til eit stipend. Gudmund var framsynt nok til å sette Hareid Friidrettsgruppe som mottakar om dei vart trekt ut. Dette er pengar som kjem godt med.

Midt i mars var det kretsting i Møre og Romsdal, og Borghild Oline Holstad fekk tildelt pokal for beste resultat i kretsen, samt diplom for to kretsrekordar. 200m på 24.37 og 400m på 53.99. Tidleg i april var det friidrettsting på Lillestrøm der Trine Pilskog frå Hareid vart vald inn som nytt styremedlem i NFIF 2025-27.

I april hadde vi vår først felles kveldsmat 23. Eit populært tiltak som er byggjer lagkjensle samstundes som ein får si seg næringsrik kost. Nokre av dei eldste utøvarane vore var på treningsleir i Spania, i regi av kretsen i påska. Der dei fekk lagt inn gode økter i treningsbanken. 30. april var Borghild bursdag og vart overraska av Sparebank 1 SMN midt under feiringa heime på med vener. Dei tildelte henne eit stipend på 50 000.



Gjengen vår i Spania.

Utandørssesongen startar

I starten av mai var sesongens første store utandørsstemne, på Atlanten stadion i Kristiansund. Under skiftande forhold, men og passe kald temperatur. Heldigvis har Norodd ein super stadion, med gode fasilitetar. To utøvarar frå yngstegruppa deltok, medan det kom ni frå eldstegruppa. Ei vellukka helg for Hareid med fleire personlege rekordar og nokre av resultata snusa på 1000 tyrvingpoeng. Nydeleg start på sesongen. Resultata var som følgjer: Malin Flø Husøy: Slegge 41.39, kule 9.32, Tiril Grimstad Kirkebø: Spyd 20.05. Hugo G. Kristiansen: Slegge 31.00. Kule 10.45, Diskos 23.05. Nina Janiak: 60m 9.44, lengde 3.84. Sofie Flø Husøy: Kule 7.83, Spyd 12.58, 200m 31.68. Ingrid Holstad Dalsøren: 800m 2.52.83. Hedda Selvåg Larsen: 60m 8.46, 200m 27.84, lengde 4.45m. Anna Maria Kostaris 100m 13.37. Synne Selvåg Larsen: 100m 12.67, 200m 26.01. Begge resultata over 1000p - 1012 og 1010p.

Hadarleikane

I midten av mai var det dugnad på stadion før vi skulle arrangere Hadarleikane. Her vart bana spylt med over tusen liter vatn for å bli kvitt grønske og langsiden vart spadd fri for torv. Omtrent på denne tida vart vi også klar over kor store skadar banedekket vårt hadde fått. Noko som gjorde at vi måtte avlyse alt over 100m for andre enn dei yngste. 24. mai var det klart for årets høgdepunkt på arrangørsida. Over 140 deltakarar frå 13 klubbar kom til Hareid, og resultata var mange, men nokre av høgdepunkta var Borghild sin pers på 100m med 12.04, Peter sitt 11.09 løp på same distanse og Hugo som støytt 10.81 i kule, tredje best i Norge for G13 til då i år. Verd å nemne også var at Grete Åshild Bjørdalsbakke frå Ørsta sette norsk rekord i kule for klassa 65-69, med 10.17.



Øyvind Grimstad Gryt og Odd Erling Eriksen i aksjon under dugnaden på stadion.



Her J13 på veg mot mål på 60-meter.



Kjekke Hareidskarar under Hadarleikane.

Ut på reise

Dei siste dagane i mai er vi endeleg på langreise igjen, med ei reise til Bergen og Framolekene. Der hadde vi følgjande resultat: Anna Kostaris -100m hekk på 16.18 og 100m på 12.99. Hedda Selvåg Larsen - 200m på 27.05 (1050 tyrvingpoeng) og 100m på 12.94. Synne Selvåg Larsen - 200m på 25.01 (1088) og 100m på 12.24 (1081) og ny pers. Borghild Oline Holstad - 200m på 24.30 (1097) og 400m på 54.07 (1111). Erle Grimstad Kirkebø - 200m på 27.36 og 100m på 13.18 og ny pers. Anna Pilskog Bitocchi - 200m på 26.66 og 100m på 12.92. Malin - ny pers i kule med 10.25m, og godt sleggekast på 42.02 m. Hedda - ny pers i lengde med 4.96m og 60m på 8.46. Tiril - mange gode kast i slegge, men diverre vart alle ugyldige, i spyd vart det 25.22m.

Første helga i juni var det KM utandørs i Kristiansund. Her er nokre resultat frå det, dessverre med mykje motvind: Anna Kostaris 400 hekk - 1.07.82. Hugo G. Kristiansen slegge - pers 33.88m. Tiril G.Kirkebø slegge -pers 37.10m. Malin F. Husøy slegge - 43.13m. Julia A. Røyset 200 hekk -35.99. Mila A.Røyset 200m - 33.08. Even Korsnes 200m.pers 25.83. Sofie F. Husøy 200m -31.03. Lengde 4.11.m. Ingrid H. Dalsøren 1500m - 5.59.83. Maria H.Dalsøren liten ball -15.31m. Synne S.Larsen 200m -25.86. Erle G.Kirkebø 200m - 27.63.

12. juni var ein stor dag for friidretten på Hareid då Borghild Oline Holstad var med i Bislett Games. Ho vart nr. 3 og sette ny personleg rekord med 53.75 på 400m. Sjølv om ho kanskje nasjonalt fekk mest merksemd for å ha slått kollbøtte over målstreken. Men med fortid som turnar så gjekk det bra.

Allereie helga etter var det duka for årets sosiale happening med turen til Lillehammer og Stampsletta. Speidarhuset ved stadion var booka og ein stor gjeng for nedover. Her søv ein på madrasser på golvet, lagar mat i lag, et saman, spelar spel og kort, konkurrerer og heiar kvarandre fram. Vi fekk følgjane resultat: Hugo: 3.plass med 26.04m i slegge, diskos på 23.22m og 10.51m i kule. Malin: litt uheldig med 6 døde kast i slegge, men støtte 10.17 i kule. Tiril: 1 plass med 35.04m i slegge og ny pers i kule med 9.00m. Sander: 2 plass med 21.87m i liten ball, lengde på 2.68 og 10.76 på 60m. Erle: 5 plass og ny pers med 27.07 på 200m og 100m på 13.27 i finalen, men med 13.23 i forsøket. Synne: 3 plass med 25.07 på 200m og 12.09 og ny pers på 100m. Maria: 8. plass 4.48m med 2 kg kule, lengde hopp på 2.57m og 60m på 11.67. Theodor: 3. plass 6.8 m med 2kg kule. Anna PB: 100m på 12.90 og ny pers i forsøk, og 12.88 i finalen med for mykje medvind. 25.plass og ny pers med tida 26.61 på 200m og 59.13 på 400m. Even: 800m på 2.10.85 og ny pers med 25.30 på 200m. Ingrid: 600m på ny pers 1.59.97 og 6. plass og ny pers med 5.54.47 på 1500m. Gudmund: 10. plass og ny pers med 5.48.43 på 1500m og 2.41.55 på 800m. Jørund: 8.plass og ny pers med 5.12.48 på 1500m. Sofie: lengdehopp på 4.20m, kulestøt på 6,69m, 100m på 14.38 og ny pers på 60m hekk med 11.38. Anna K: 100m hekk 15.54 med for mykje vind og 12.97 og ny pers på 100m i forsøket, og 12.98 i finalen. Kine: lengde på 3.57m, kule 6.84m og ny pers på 600m med 2.02.32. Hedda: ny pers på 60m med 8.27 (1035 tyrvingpoeng) og 12.95 på 100m og ny pers. Borghild: 400m på 54.24 (1104 tyrvingpoeng) og 12.00 i forsøket på 100m og 12.07 i finalen, begge med for mykje medvind. Emilie: 100m på 13.90. Skadeplaga Peter sprang berre forsøk på 100m men sette ny pers på 10.94, og braut med den 11-sekundsbarrieren. Synne sin pers på 100m med 12.09 var kretsrekord i Møre og Romsdal som hadde stått i 41 år.



Kortspel på stadion mellom slaga.



Årets lagbilde frå Lillehammer framfor teltet vårt.

På denne tida kjem stemna tett og berre nokre dagar seinare reiser nokre av våre utøvarar vidare til Göteborg og Värdsungdomsspelen. Europas største friidrettsstemne for ungdom, med utøvarar frå over 40 land. Synne sprang på Norge sitt 4x100m-stafettlag, som klokka inn på 46,93 og 2. plass, rett bak Sverige. På 100m kvalifiserte ho seg til finalen, men måtte stå over med skade. Hugo fekk 3. plass i kule med eit støt på 11.28m og ny pers, og var den einaste frå Hareid som stod på pallen til slutt. Tiril deltok i slegge der ho fekk opp eit kast på 34.65m. Sjølv om ho hadde eit kast på over 40m på oppvarminga. Hedda sprang 60m og vann b-finalen med 8.46. På 200m forbedra ho den personlege rekorden sin 26.45, noko som held til 4.plass av 114 deltakarar. Erle leverte 13.43 på 100m og 200m på 27.34.

Haustsesongen

Etter ei sommarpause byrja konkurransane igjen i slutten av juli. Og Malin hadde brukt ferien og persa seg to gongar i slegge på Ørsta stadion, med 46.89m til slutt. Noko som gjorde at ho kvalifiserte seg til Junior-NM. Nokre få dagar seinare vann Borghild 400m under Nordisk juniorlandskamp og persa seg med 53.69. Dagen etter sprang ho 4x400m stafett på det norske laget saman med Line Al-Saiddi, Sunniva Indahl og Lilje Lopes Patey. Det norske laget klokka inn på 3.40.65, over seks sekund framfor Finland på andre plass. Så Borghild kunne ta med seg to gullmedaljar frå meisterskapet.



Gjengen frå junior-NM

Senior-NM på Askøy kom og gjekk, utan deltaking frå Hareid. Borghild stod over for å satse mot U20-EM i Tampere. Det viste seg å vere rett prioritering. I Finland kom ho seg heilt til finalen, som ende med ein 8. plass med 54.15. På 4x400m stafett kom det norske laget seg til finalen, der det vart 6. plass, med Borghild på andre etappe. Junior-NM på Fana stadion starta

midt i august, med fem utøvarar frå Hareid til start. Malin sette ny pers med 4kg-slegga med 37.59 og vart nr. 14. Peter sprang på 11.23 på 100m i forsøk og hadde sjette beste tid i semi. Men smertene frå skada gjorde at det vart stopp der. Anna Maria K sprang inn til pers på 400m hekk med 1.06.50, og vart nr. 7 på 100m hekk på 16.04. På 400m U-20 hadde Hareid to i finalen. Anna Maria PB sprang inn til 5. plass med ny pers 59.02. Medan Borghild vann finalen på 53.81 som er ny meisterskapsrekord. Borghild fekk også bestemannspremien for jenter under meisterskapet, kåra av Stiftelsen friidrettens venner.

I slutten av august stilte vi som vanleg mannsterke opp på Ørstaleikane. Helga etter var det Lerøyleikane i Kristiansund for aldersgruppa 13-14. Her samlar utøvarane poeng til kretslaget for Møre og Romsdal, og våre utøvarar var med på sikre 2.plass for kretsen. Vi hadde følgjande resultat: Hugo: 31,60m i slegge og ein fin 3.plass. Kine: 2.00.90 på 600m. Ingrid: 2.01.25 på 600m og kappgang (tid?). Julia: 60m hekk med tida 10.37 og 2.00.76 på 600m. Chanel: 60m hekk med 10.82 og 3.54m i lengde. Hedda: 2.plass i lengde med 4.87m og 2.plass på 200m med 27.05. Julia: 200m hekk på tida 39.10 og 60m 9.40. Chanel: 60m på tida 9.27 og kule med 7.09m. Ingrid: 1500m på tida 5.53.35 - ny pers og 3.plass i Tresteg med 7.80 - ny pers. Kine: Diskos 18.23m -ny pers og kule 8.24m - ny pers. Hedda: 2. plass på 60m med 8.29 og 1. plass på tresteg med 9.92m - ny pers. Hugo: 1.plass i kule med 11.42m og 2.plass i diskos med 27.83m.



UM-gull-laget med kretsrekord.



Sjølvs med glede står er det greitt med ein dobbeltklem. Anna Maria Pilskog Bitocchi tok sitt første UM-gull.

I starten av september gjekk det siste meisterskapet for sesongen av stabelen, med UM i Stjørdal. Og første dag vart ein magisk ein. Med to gull, eit til Borghild på 400m i J18-19 på 53.52 framfor rivalen Lilje Lopes Patey, og eit til Anna Maria PB som vann med over eit sekund i sin finale på 400m på 58.41 i J17. Anna Maria K sprang inn 3. plass på 100m hekk med 16.15, sette pers på 200m med 26.66 men kom ikkje til finalen og 400m hekk på 1.07.22. Erle sprang inn til 5.plass på 100m med 13.26 og deltok på kretslaget i stafett for J15/16 som tok sølv. Malin enda på 6. plass i slegge med 43.85m, medan ho støtte 10.41m i kule. Tiril sikra seg 3. plass i slegge med ny pers på 40.21m og støtte kule til 8.15m. Siste dagen stod i stafetten sitt teikn der Hareid med Erle, Anna K, Anna PB og Borghild vann 1000-stafetten

med 2.13.13. Anna PB og Borghild deltok også kretslandet sitt stafettlag som også vann, med 2.13.14. Borghild vann i tillegg 200m på 24.28. I tillegg til alt dette var stafettida kretsrekord, det var også tida til Borghild på både 200m og 400m.



Gulljentene våre på UM.

I september avslutta vi det mest påkosta lotteriet vårt til no, med 17 premiar der 1. premien var eit fjordcruise til Hjørundfjorden. 4. oktober var det stor stas då friidrettsgruppa fekk tildelt ungdommens kulturpris for 2025. Ei hyggeleg merksemd til alle som jobbar hardt for klubben både på og utanfor bana. Og motiverer til neste sesong. I oktober fekk vi saman med idrettslaget 80 000 kroner frå Sparebanken Norge sine Hjartebankmidlar. Vi var ein av dei ti prosjekta som fekk tilskot av 117 søknadar. Ein månad seinare fekk Anna Maria Kostaris 50 000 i Teftmiddel frå Sparebanken Møre.

I midten av oktober var det igjen klart for det tradisjonsrike Snipsøyrvatnet rundt. I år vart seniorklassa og heile løpet vunne av Henrik Hareide Holstad frå Hareid på 42.44. Ingen kvinner stilte i seniorklassa der, men best av dei var Birgitte Kvalsvik i 40-44-årsklassa med

51.32.

Heilt på tampen av året var det internstemne i Hadarhallen for mellom- og eldstegrupper, før vi to dagar seinare hadde avslutning med årsfest på klubbhuset. Her vart det premiering for aldersrekordar, klubbrekordar, og premiering for beste jente/gut i korte løp, lange løp, kast og hopp.

Nye aldersrekordar

G13

Diskos 750g	Hugo Greve Kristiansen	2012	27.83	Kristiansund	310825
Slegge 3 kg	Hugo Greve Kristiansen	2012	33.88	Kristiansund	080625
Slegge 4 kg	Hugo Greve Kristiansen	2012	26.13	Hareid	240525

J18

100m hekk	Anna Maria Kostaris	2007	15.68	Kristiansund	070625
400m hekk	Anna Maria Kostaris	2007	1:06.50	Fana	160825
Lengde	Anna Maria Kostaris	2007	5.22	Ålesund	230925
Høgde	Anna Maria Kostaris	2007	1.50	Ålesund	210925

J17

Kule 3 kg	Malin Flø Husøy	2008	10.65	Kristiansund	070625
Slegge 3 kg	Malin Flø Husøy	2008	46.89	Ørsta	230725
Slegge 4 kg	Malin Flø Husøy	2008	37.59	Bergen	150825

J16

100m	Synne Selvåg Larsen	2009	12.09	Lillehammer	220625
200m	Synne Selvåg Larsen	2009	25.01	Bergen	300525

J15

Spyd 500g	Tiril Grimstad Kirkebø	2010	27.78	Hareid	260525
Slegge 3 kg	Tiril Grimstad Kirkebø	2010	40.21	Stjørdal	060925

J13

100m	Hedda Selvåg Larsen	2012	12.95	Lillehammer	220625
200m	Hedda Selvåg Larsen	2012	26.45	Göteborg	290625
Lengde	Hedda Selvåg Larsen	2012	4.96	Bergen	310525

Nye Topp 10-plasseringar

60m, menn

10. Dominic Gjerde	8.17	G15	Ulsteinvik	120125
--------------------	------	-----	------------	--------

100m, menn

3. Peter O. P. Bitocchi	10.94	MS	Lillehammer	220625
-------------------------	-------	----	-------------	--------

60m, kvinner

5. Hedda Selvåg Larsen	8.27	J13	Lillehammer	210625
------------------------	------	-----	-------------	--------

100m, kvinner

1. Borghild Oline Holstad	12.04	J19	Hareid	240525
2. Synne Selvåg Larsen	12.09	J16	Lillehammer	220625
7. Anna Maria Pilskog Bitocchi	12.90	J18	Lillehammer	220625
8. Hedda Selvåg Larsen	12.95	J13	Lillehammer	220625
9. Anna Maria Kostaris	12.97	J18	Lillehammer	220625
10. Erle Grimstad Kirkebø	13.18	J15	Bergen	010625

200m, kvinner

1. Borghild Oline Holstad	24.28	J18-19	Stjørdal	070925
2. Synne Selvåg Larsen	25.01	J16	Bergen	300525
3. Hedda Selvåg Larsen	26.45	J13	Göteborg	290625
6. Anna Maria Pilskog Bitocchi	26.61	J17	Lillehammer	200625
9. Anna Maria Kostaris	26.97	J18	Ørsta	240825

400m, kvinner

1. Borghild Oline Holstad	53.52	JR	Stjørdal	050725
2. Anna Maria Pilskog Bitocchi	58.41	J18	Stjørdal	050725

100m hekk, kvinner

1. Anna Maria Kostaris	15.68	J18-19	Kristiansund	070625
------------------------	-------	--------	--------------	--------

400m hekk, kvinner

1. Anna Maria Kostaris	1:06.50	J18	Fana	160825
------------------------	---------	-----	------	--------

Høgde, kvinner

4. Borghild Oline Holstad*	1.50	J19	Ålesund	210925
5. Anna Maria Kostaris*	1.50	J18	Ålesund	210925

* Rangert i same konkurranse.

Lengde, kvinner

7. Anna Maria Kostaris	5.22	J18	Ålesund	230925
10. Hedda Selvåg Larsen	4.96	J13	Bergen	310525

Slegge, kvinner

1. Malin Flø Husøy	37.59	J17	Bergen	150825
--------------------	-------	-----	--------	--------

Spyd, kvinner

2. Anna Maria Kostaris	30.17	J18	Hareid	240525
3. Borghild Oline Holstad	28.47	J19	Hareid	210925

Kule, kvinner

8. Anna Maria Kostaris	8.29	J19	Ulsteinvik	120125
------------------------	------	-----	------------	--------

Stafett, kvinner

1000m: E.G. Kirkebø, A.M. Kostaris, A.M.P. Bitocchi og B.O. Holstad.	2:13.13	Stjørdal	070925
--	---------	----------	--------

Årsmelding frå yngstegruppa i Hareid IL Friidrett



Yngstegruppa trenar tysdagar kl. 17 til 18. Omtrentleg mellom påske og haustferien trenar vi ute på stadion og elles i året trenar vi innandørs i Hareidhallen. Yngstegruppa er for born på 1., 2. og 3. trinnet, og i skrivande stund er fordelinga i Spond høvesvis seks 1. klassingar, seks 2. klassingar og ti 3. klassingar.

På treningane utandørs øver vi oftast på å hoppe lengde, 40/60-meter, kaste ball, hinderløype og stafett. Innandørs øver vi også på å hoppe lengde, reaksjonstrening, hinderløype med meir. Vi startar alle treningane med oppvarming og avsluttar som regel med ein lek. Som regel møter det opp mellom 15 og 20 born per trening.

Det har vore fleire stemner der born frå yngstegruppa har deltatt siste året, blant anna Hadarleikane, Ørstaleikane, Akslaleikane, Sparebanken Møre-leikane i Ulsteinhallen med meir.

Fram til sommaren var Tobias Gockel, Odd Erling Norheim Eriksen og Inger Smidesang Holstad trenarar. Etter sommaren gjekk Odd Erling ut av trenargruppa då han ikkje lenger hadde born i denne gruppa, samtidig som Ylva Larsen blei ein del av trenargruppa. Etter sommaren har vi i tillegg hatt god hjelp frå dei eldre friidrettsutøvarane. Anna Maria Kostaris tok kontakt i september med spørsmål om ho kunne vere med på treningane i samband med eit skuleprosjekt om treningsleiing. Dette takka vi sjølvsaft ja til, og ho har ofte hatt følge med fleire av ungdommane, blant anna Synne og Hedda Selvåg Larsen, Borghild Oline Holstad og Peter Pilskog Bitocchi. Dette har vore til stor hjelp for oss vaksne, då vi i utgangspunktet er litt for få vaksentrenarar, etter vår meining. Vi har forsøkt å rekruttere fleire vaksentrenarar, men vi opplever at det er utfordrande å få fleire til å stille opp.



Fornøgde deltakarar under Ørstaleikane 24. august 2025



Frå siste treninga før jul. Utdeling av pepperkaker og clemetiner. Trenarar og nokre av dei eldste utøvarane våre

For trenarane i yngstegruppa, Inger Smidesang Holstad

Økonomi (Rekneskap: sjå vedlegg)

Kommentar til rekneskapen:

Forrige årsmøte vedtok et budsjett for 2025 med **inntekter** på 423'.

Fasit for fjoråret viser driftsinntekter på nær 494', eller godt 15% over budsjett.

Det er i hovedsak sponsorinntekter som har oversteget budsjettanslaget, noe som er meget gledelig.

På egne arrangementer, dugnader etc budsjetterte vi med i sum 205' – noe som på årsmøtet ble karakterisert som ambisiøst. Vi klarte det, omtrent på krona, fasit viser 203'.

På utgiftssiden:

Vi budsjetterte med 396' ut – av dette 245 til reising, overnatting og startavgifter.

Fasit viser at vi benyttet noe over det halve – ca. 145' til kjøregodtgjørelse, flybilletter, frikjøp av trenere og hotellopphold.

Her skal både bookere og reisende berømmes – man har gjort en stor innsats for å finne gunstige overnattingsmuligheter, og det vises igjen i regnskapet!

Det ble også budsjettert med utgifter på 55' til innkjøp av tidtakingsutstyr og IT-utstyr; dette er kostnader som kommer nå i 2026 i stedet – tidtakingsutstyr er bestilt, men ikke levert. Dette må årsmøtet ha i tankene når budsjett for 2026 vedtas.

For 2026 må arbeidet med å skaffe sponsorinntekter fortsette og utvides, først og fremst med tanke på to mål:

- a) Å bygge opp egenkapital til den ønskede utvidelsen av garasjen på stadion, og:
- b) Å kunne støtte mer opp under utøvere som har reiseaktivitet som går langt utover det et utøverstipend kan dekke.

Men, i sum – friidrettsgruppa gikk 250' i pluss i fjor.

Merk imidlertid at 92' av dette er en forsinket utbetaling i draktstøtte, så reelt overskudd er i overkant av 150' - som fortsatt er et veldig bra resultat.

Ved årsskiftet hadde friidrettsgruppa 415' på konto.

Vennlig hilsen,

Odd Erling N. Eriksen, kasserar/nestleiar

Budsjettforslag 2026 - HIL Friidrett

UTKAST

Inntekter:	Delsum2026	Delsum 2025	Kommentar
Treningsavgift	50 000,00	kr 50 000,00	
Egne arrangementer	55 000,00	kr 55 000,00	
Loddsalg, kiosk, dugnader	150 000,00	kr 150 000,00	Pizzalotteri, panteaksjon, strandrydding,
Tilskudd / gaver		kr 75 000,00	
Draktsponsing SBM	0,00	kr 93 000,00	
SUM		kr 423 000,00	
Utgifter:			
Kjøp av utstyr	40 000,00	kr 40 000,00	
Treningsstøy/drakter	10 000,00	kr 10 000,00	
EDB		kr 15 000,00	3x PCer til Hadarleikane, målfoto + mosj slitne.
Reisekostnader til stevner mm.	90 000,00	kr 90 000,00	
Køyre godtgjersle	60 000,00		
Honorar trenar mm	50 000,00		inkl. ekstern kasttrenar på høgt nivå
Utøvarkontrakter	50 000,00		
Påmeldingsavgifter	95 000,00	kr 95 000,00	
Skoavtale	24 000,00	kr 24 000,00	
Medaljer/premier	7 500,00	kr 7 500,00	
Beverting/sosialt (kveldsmat mm)	15 000,00	kr 15 000,00	
SUM		kr 356 500,00	

Valnemnda har følgande forslag til nytt styre :

Hege Holstad	leiar for 1 år til
Kristin Dimmen	gjenvæl for 1 år
Geir Sæther	ny for 2 år
Tiril Grimstad Kirkebø	ny utøvarrepresentant for 2 år
Michaela Mincu	ny 2.vara for 2 år

Ikkje på val:

Ingvild Grimstad Selvåg	1 år til
Odd Erling Eriksen	1 år til
Peder Alme	1 år til
Siv Renate Larsen	vara, 1 år til

Valnemnd:

Valnemnda jan.2026

Geir Sæther og Elisabet Grimstad Kirkebø

Hareid IL friidrett – Årsmøte 2025-Protokoll

Hareid klubbhus 10. februar 2026 kl 20.00-21.30

Tilstades frå styret: Ingvild Grimstad Selvåg, Sindre Grønmyr Rise, Peder Alme, Kristin Dimmen, Hege Holstad Fråfall: Odd Erling Eriksen

Andre deltakarar: medlemmar, trenarar, føresette

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent av årsmøtet.

2. Val av

- a. Ordstyrar – Hege Holstad
- b. Referent – Kristin E. Dimmen
- c. Signering av protokoll – Elisabeth og Ingvild

3. Årsmelding

- a. Styret: Leiar går gjennom styret si årsmelding, som skildrar det arbeidet som styret har jobba med gjennom året. Sjå eiga årsmelding for detaljar, men heilt kort så har det vore jamlege styremøte, eigne arrangement, sendt 2 delegatar til kretstinget, arbeidd for å auke inntektene mm.
- b. Eldste- og mellomste- gruppa: Sindre går gjennom årsmeldinga for gruppene og den aktiviteten som har vore der gjennom året. Hovudfokuset ligg på dei sportslege aktivitetane og resultatane som kom gjennom sesongen. Sjå eiga årsmelding for detaljar og bilete frå aktivitetane. Det kan særleg trekkast fram god breidde i deltaking, mange med gode resultat og at friidrettsgruppa fekk Hareid kommune si utmerking «Ungdommens kulturpris».
- c. Yngste-gruppa: Inger S. Holstad har skrive årsmelding for den yngste gruppa i klubben, Ingvill S. Larsen går gjennom den. Gruppa har ca 20 aktive ungar, og dei trenar jamt ein gong i veka. I tillegg til dei vaksne trenarane har dei hatt med fleire av dei eldste ungdommane som leiarar på treningane. Det er utfordrande å få fleire vaksne trenarar. Sjå elles eiga årsmelding for detaljar.

Vedtak: Årsmeldingane blei tatt til vitande med nokre tillegg og justeringar.

4. Godkjenning av rekneskap

Leiar Hege Holstad gjekk gjennom årsrekneskapen og dagleg leiar Guro K. Vattøy svarte ut dei spørsmåla som kom frå salen. Det blei spurt om det er mange uteståande kontingentar i gruppa, det er det ikkje. Folk er flinke til å betale. Friidretten gjekk med eit godt overskot i 2025, og har no rett over kr 400.000,- på konto.

Vedtak: Årsmøtet tar rekneskapen for 2025 til vitande.

5. Budsjett for 2026

Leiar presenterer også eit førebels framlegg til budsjett basert på fjorårets budsjett og årsrekneskapen for 2025. Det blir diskutert kva type «eigne arrangement» vi kan arrangere i år for å få opp inntektene. Styret ynskjer å ta med i budsjettet ein post for honorar til ekstern trenar for t.d. kastutøvarane der vi manglar kompetanse. I tillegg har ein lagt inn ein post for utøvarkontraktene til dei som er kvalifiserte til det. Det kjem også opp til drøfting om ein skal

endre retningslinjene for kor mange øvingar ein enkelt utøvar kan melde seg på i eit stemne. Det same gjeld dei som melder på etter fristen er gått ut. Dette har styret alt drøfta og gjort eit styrevedtak på, og det vil bli presisert i påmeldingsinnlegga i Spond.

Vedtak: Årsmøtet tar framlegget til budsjett til vitande, og gir samtidig styret høve til å endeleg ferdigstille budsjettet i samråd med trenarane og i tråd planlegginga av aktivitetskalenderen for 2026.

6. Val av nytt styre

- a. **Leiar:** Hege Holstad tar gjenval eit år til
- b. **Medlem** Kristin Elisabeth Dimmen tar gjenval eit år til
- c. **Nye medlemmar:**
 - i. Geir Sæter ny for 2 år
 - ii. Tiril G. Kirkebø ny utøvarrepresentant for 2 år
 - iii. Michaela Mincu ny 2.vara for 2 år
- d. **Ikkje på val i år:**
 - i. Styremedlem Ingvill Grimstad Selvåg
 - ii. Styremedlem Peder Alme
 - iii. Odd Erling Eriksen, kasserer/nestleiar
 - iv. 1. vara Siv Renate Larsen-Kvalsund

Oppmann/styremedlem Sindre G. Rise går ut av styret. Held fram rolla som «oppmann»

Vedtak: Ny styresamansetjing er valt ved aklamasjon

7. Ymse saker som også blei drøfta

Stadiondekket er skada, og eit tradisjonelt Hadarleikane kan ikkje arrangerast. I tillegg har vi ikkje lenger tidspunktet i kalenderen som sist, helga etter 17. mai. Forslag om eit tilpassa Hadarleikane med tekniske øvingar og kort-sprintar der ein unngår å nytte del av løpebana som er skada. Forslag til andre arrangement kan vere gateløp, terrengløp, stafettar m.v. Då kan ein også arrangere kafe/kiosk og tombola.

Spørsmål også kring sponsormoglegheiter og korleis vi kan skaffe eigne sponsormidlar. Det er fritt fram for friidretten å hente inn sponsorar til eigne arrangement, berre det ikkje er i konflikt med hovudsponsoren til hovudlaget.

Korleis sikre at ein har samtykke til å dele bilete av born på arrangement og stemner? Eit stemne er eit offentleg arrangement som det kan publiserast bilete frå. Men ein bør vere varsam i barneidretten. Det kan sikrast gjennom ei avstemming i Spond der foreldre må gi tilbakemelding om dei vil reservere sitt barn mot publisering.

Signering:

Vibeke Brune Slettebakk

Ingvild Grimstad Selvåg